

Radøy kommune

Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
16/98 - 9 / RL / 042

Dato:
28.02.2017

Oppretting av prosjektstilling i samband med kommunereforma

Vi viser til vårt brev datert 17. januar vedrørande oppretting av ei prosjektstilling i innan arkiv og digital samanslåing i tilknytning til den ventande kommunereforma. Vi har no fått tilbakemelding om at 8 av dei 13 førespurde kommunane vil gje tilsagn til prosjektstillinga.

Saka har vore drøfta i styret og vi ynskjer å lyse ut ei 100% prosjektstilling, som rådgjevar innan digital dokumentforvaltning og digitalital samanslåing frå 01.06.2017-31.05.2020.

Styret foreslår at 60 % av stillinga skal finansierast med lønsmildar frå dei 8 deltakarkommunane og at det overskytande skal finansierast andre inntekter. Stillinga vil då vere øyremerka arbeid for dei 8 deltakarkommunane i 60 % av arbeidstida medan dei resten av stillinga vil bli dekkja opp med anna digitaliseringsarbeid og eller eigne prosjekt.

Kommune	Innbyggertal	Årleg tilskot
Nye Nordhordland	28567	216 200,-
Nye Ullensvang	11442	86 595,-
Bjørnefjorden	23813	180 221,-
Sum	63822	483 016,-

Dette inneber at storleiken på tilsegna, som no er gjeve på 7,56 kr per innbyggjar, vert ståande og at ein ikkje vil krevje noko større tilsagn på tross av at alle 13 kommunane ikkje vart med. Vi vonar at dette kan vere ei god løysing for alle. Vi ynskjer ei snarlig tilbakemelding, og seinast innan 10. mars om de opprettheld tilsagnet om lønsmidlar til ei felles prosjektstilling.

Med venleg helsing

Rune Lothe
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.